

Melding til naboane frå Festivalleiinga.

26.06.2018



Alt er klart for årets Festidal 2018.

Til helga brakar det laus på ny, og Festidalenleiinga har litt praktisk informasjon til naboar spesielt og uskedenlingar generelt. Festivalområdet på Dønhaug vert no rigga. Det vert noko trailertrafikk og det er viktig at kryss og vegar opp til Dønhaug ikkje vert blokkert av parkerte bilar. Dette gjeld heilt fram til nedrigg er ferdig ca. onsdag i neste veke. I båthamna vert det rigga for Lambasleppet, så det er viktig at også dette arealet vert halde fritt for bilar.

Torsdag og fredag ettermiddag og heile laurdag vert det ein del trafikk og mykje vandrande publikum i Uskedalen. Det er ikkje særskilt parkeringsareal for Festidalen, så bilar må stå på vanlege, offentleg tilgjengelege p-plassar.

Det vert høg musikk frå utandørsscena på Dønhaug i tidsrommet ca. kl. 16.00 – 01.00 begge dagar. I år vert det ikkje sendt opp fyrværkeri. Bussar tek oppstilling i Uskedalen sentrum og kører publikum heim ca. kl. 01.30 natt til laurdag og natt til søndag.

Kjerlandssido vert stengt ved Uskedal bru både fredag kveld og laurdag kveld. Oppsitjarar langs Kjerlandssido mellom Uskedal bru og gardsbarnehagen slepp forbi, men vi oppmodar sterkt om at alle som kan køyrar Døsslandssido så lenge arrangementa på Dønhaug varar.

Festidalen vil ha god tryggleik for publikum, artistar, frivillige og naboar. Under arrangement med mykje publikum er det vakter til stades, både på arenaen og i nærområdet. I tillegg til frivillige vakter er det innleigd vaktelskap og politipatrolje. Om du ser ut på fjorden får du til og med eit glimt av kystvakta.

Om det oppstår uønskte situasjonar undervegs i festivalen kan du ta kontakt med ein av vaktene eller direkte til Festidalen sin vakttelefon (sjå under). Dette nummeret kan du ringe for å varsle om ting festivalleiinga bør vite om, og som hastar. Dette er ein vakttelefon, og vi ønskjer ikkje spørsmål om billettar, opningstider og slikt til denne telefonen. Det er viktig at denne lina er minst mogleg i bruk i tilfelle akutte situasjonar.

Festidalen er ein brei kulturfestival som set Uskedalen, Kvinnherad og Sunnhordland på kartet. To hundre menneske gjennomfører dette på dugnad utan anna løn enn glede over å skapa noko som andre kan gle seg over. Det er også mange firma, organisasjonar, grunneigarar og einskildpersonar som bidreg med sponsormidlar, utstyr, løyve og annan hjelp. Vi rettar ein stor takk til dei alle!

Spørsmål eller tips elles kan også rettast til eit av medlemene i festivalleiinga, gjerne som tekstmelding. Sjå telefonnummer under.

Med helsing Festidalen,
Una Kolle, mob. 991 55 425
Margit Lund-Mikkelsen, mob. 911 51 009
Bjørn Olav Tveit, mob. 472 36 87
Anbjørn Høivik, mob. 917 05 737
Vakttelefon 906 38 945 (berre om det verkeleg hastar)

Tekst/foto: Festidalen
Nett: Kristian Bringedal